



COAST CENTER BASE AS
Postboks 113
5346 ÅGOTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anette Heggøy, 5557 2305

Rapport etter tilsyn hos Coast Center Base AS, 5. mai 2025

Kontrollnummer: 2025.010.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 5. mai 2025 hos Coast Center Base AS (organisasjonsnummer: 974 135 140). Tilsynet gjaldt verksemda sitt anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall.

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda si lagring av avfall har manglar
- Avvik 2: Verksemda si internkontroll har manglar
- Avvik 3: Verksemda rapporterer ikkje handtert sloppvatn ved anlegget

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Coast Center Base AS må rette opp avvik snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvik er retta innan 1. november 2025. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Verksemda si journalføring av avfall kan betrast

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Frist for tilbakemelding er 1. november 2025

CCB må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding innan 1. november 2025 som viser korleis avvika er eller vil bli retta.

I tillegg må verksemda sende inn opplysningar i samband med oppdatering av løyvet i samsvar med IED-regelverket. Sjå avsnitt «pålegg om opplysningar» i del 2 av rapporten.

Gjennomføringa av tiltaka kan blir følgd opp med nytt tilsyn.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med saksnummer 2018/2041.

De må betale gebyr

Coast Center Base AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Del 2: Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda si lagring av avfall har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet

- punkt 3.1 Lagring
- punkt 4.1 Utslippsbegrensninger
- punkt 10.1 Miljørisikoanalyse
- punkt 10.2 Forebyggende tiltak
- punkt 10.3 Etablering av beredskap

Avfallsforskriften kapittel 11 om farlig avfall

Vedlegg 4 – minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farlig avfall

- punkt 1 Lagring av farlig avfall
- punkt 2 Lagringstid
- punkt 3 Oljeutskiller

Internkontrollforskriften

- § 5 andre ledd punkt 6 om kartlegging av farer og problem og vurdere risiko

Om krava

Lagring av farleg avfall

All lagring og handtering av mottatt avfall gå føre seg på plass med fast dekke, nødvendig anlegg for oppsamling av overvatn og skjerming for vær og vind. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom verksemda kan dokumentere at den valte lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern. Utslepp til vatn frå avfallshandteringa er ikkje tillate. Ulike typar farleg avfall som ved samanblanding eller kontakt kan gje fare for brann/eksplosjon og/eller danning av farlege stoff, skal lagrast med god avstand.

Sikring mot uvedkomande

Lageret skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgang. Verksemda skal vere inngjerda og avstengt utanom opningstid.

Lagringstid

Mottatt farleg avfall skal ikkje lagrast lengre enn 12 månader.

Risikovurdering og beredskap

All handtering og lagring av avfall skal vere basert på risikovurdering for ytre miljø. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og må haldast oppdatert og spegle den faktiske drifta ved verksemda. På basis av risikovurderinga skal bedrifta iverksette risikoreducerande tiltak og der vurderinga viser at det er nødvendig, skal verksemda etablere beredskap mot akutt forureining.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda lagrar farleg avfall utan skjerming for vær og vind.

Mykje av det farlege avfallet som verksemda mottar og mellomlagrar blir lagra på fast dekke og under tak. På tilsynet kom det fram at verksemda likevel også i periodar plasserer farleg avfall ute, og også utanfor inngjerda område. Eksempelvis fortalte verksemda om eit tilfelle der avfall som var oppgitt som PFAS-haldig avfall var mellombels plassert ute, i staden for inne på området for farleg avfall. Under Statsforvaltaren sitt tilsyn var to behaldarar med skjel frå vask av oljerigg med førebels ukjent innhald av farlege stoff plassert utanfor lagringsområdet for farleg avfall. Verksemda kunne ikkje dokumentere at denne lagringa utandørs var risikovurdert og vurdert som like god med omsyn til risiko for ytre miljø som lagring under tak inne på mottaksområdet for farleg avfall.

Avløp frå innandørs lagring av farleg avfall føres til oljeutskiljar

På området for lagring av farleg avfall under tak, er det etablert ein kum/avløp som leiar eventuelle utslepp til oljeutskiljar og vidare til sjø. Dette sjølv om det ikkje skal vere utslepp av vatn frå avfallshandteringa. Eventuelt søl frå avfallslageret må samlast opp og leverast som farleg avfall. Reinhold bør gjerast med tørre metodar i staden for spyling med vatn.

Plassering av brukte litiumbatteri var ikkje risikovurdert

Litiumbatteri var lagra innerst i hallen for mellomlagring av avfall utan at det på tilsynet kunne leggest fram at denne plasseringa var risikovurdert med omsyn til fare for forureining, særleg knytt til brann/eksplosjonsfare.

Litiumbatteri er lagra i lengre tid enn 12 månader

Verksemda har lagra litiumbatteri i over 2 år. Verksemda opplyste at årsaka til overskriding av tillate lagringstid, var utfordringar knytt til kven batteria skulle vidareleverast til.

Avvik 2: Verksemda si internkontroll har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet

- punkt 2.2 Plikt til internkontroll
- punkt 2.3 Plikt til forebyggende vedlikehold
- punkt 10.1 Miljørisikoanalyse
- punkt 10.2 Forebyggende tiltak

Internkontrollforskriften § 5 andre ledd

- punkt 5 om kartlegging av farer og problem og vurdering av risiko
- punkt 7 om rutiner og avvikshåndtering

Forurensningsforskriften kapittel 18

- § 18-4 om miljørisiko
- § 18-6 om forebyggende tiltak, punkt d., e. og f.

Om krava

Miljørisikovurdering

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og må haldast oppdatert og speile den faktiske drifta ved verksemda. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

Skriftlege rutinar og handtering av avvik

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane skal vere dokumenterte skriftleg og vere ein del av internkontrollen. Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentakning av feil og manglar.

Vi viser også til at forureiningsforskrifta kapittel 18 om tanklagring har eigne meir spesifikke krav til risikovurderingar og rutinar.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Miljørisikovurdering

Verksemda har utarbeida ei miljørisikovurdering for anlegget, men nokre tema var ikkje omfatta av vurderinga:

- Risiko knytt til utslepp av sløkkevatn ved eventuell brann på anlegget
- Risiko knytt til pumping av avfall frå oppsamlingskum ute til tankanlegg:
 - Oppsamlingskummen er delvis open, og det kan dermed kome regnvatn inn i kummen. Risiko knytt til innblanding av vatn i avfallet var ikkje vurdert i verksemda si risikovurdering.
 - Same pumpeleidning vert brukt til overføring av avfall frå oppsamlingskummen til begge avfallstankane. Risiko knytt til samanblanding av avfall som skal til ulike lagringstankar var ikkje vurdert i verksemda si risikovurdering.
- Risiko knytt til utandørs lagring av farleg avfall (sjå også avvik 2)
- Risiko knytt til lagring av brukte litiumbatteri (sjå også avvik 2)

Skriftlege rutinar

- Verksemda mangla skriftleg prosedyre/rutine for korleis tømning av ringmur rundt tankanlegget skal gå føre seg. Prosedyren bør mellom anna seie noko om når tømning skal skje, i kva tilfelle tømninga kan skje til sjø og i kva tilfelle tømninga må skje via oljeutskiljar. Sidan ventilen ved ringmuren blir styrt manuelt, må rutinen også seie noko om korleis ein sikrar at ventilar ikkje blir ståande opne etter tømning.
- Sjekklista for dagleg kontroll mangla oversikt over kva for ringmurar på anlegget som skal kontrollerast.
- Handtak på ventilar ved ringmuren ved tankanlegget (tankar for avfallstype 7012 og 7030) var rusta og ventilen til sjø var ikkje lenger mogeleg å opne. Dette gjev indikasjonar på manglande vedlikehald og mogeleg manglar ved verksemda sine prosedyrar for vedlikehald.

Handtering av avvik

På tilsynet kom det fram at ikkje alle avvik blir ført i verksemda sitt avvikssystem. Mellom anna hadde verksemda ikkje rutine for å registrere avvik i tilfelle der ein oppdagar feil i deklareringsavfall. Slike hendingar bør førast og følgast opp som avvik. Dette for at leverandørane av avfallet skal få høve til å betre sin praksis.

Avvik 3: Handtering av sloppvatn ved anlegget har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

Utsleppsløyvet

- punkt 11.2 Avfallsoversikt
- punkt 11.3 Rapportering til Altinn

Avfallsforskriften kapittel 11

- § 11-13 Plikter for den som handterer farleg avfall
- vedlegg 4 punkt 7 Rapportering

Om krava

Plikter for den som handterer farleg avfall

Den som handterer farleg avfall, er ansvarleg for å sjå til at avfallet som tas imot frå verksemdar, er deklartert og skal sørge for at deklarasjonsskjema følgjer alle leveransar ved vidarelevering.

Rapportering

Verksemda skal kvart år lage ei avfallsoversikt som beskriv mengder og typar avfall som er mottatt, sendt vidare og lagra på verksemda sitt område ved årsslutt. Opplysningane skal årleg rapporterast til Statsforvaltaren via rapporteringsløyving i Altinn.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda tar imot avfall innfor rammene av løyve frå Statsforvaltaren utan at avfallet er deklartert inn med CCB som mottakar.

CCB leiger ut tankar for mottak og mellomlagring av sloppvatn (farleg avfall) til Franzefoss. CCB sørger for mottakskontroll og kontroll og vedlikehald ved det aktuelle tankanlegget og har også skriftlege prosedyrar for dette. Avfallet blir likevel deklartert med Franzefoss som mottakar.

Mottak og mellomlagring av sloppvatn er inkludert i CCB sitt løyve. Franzefoss har ikkje løyve til denne typen aktivitet på området. CCB er difor ansvarleg for aktiviteten på det utleigde tankanlegget. Dette var ikkje tilstrekkeleg kjent for aktuelt personell ved CCB. Verksemda hadde

difor ikkje oversikt over totale mengder farleg avfall mottatt, på lager og vidarelevert ved dette tankanlegget. Avfallsmengdene har heller ikkje vore inkludert i CCB sine årlege rapporteringar til Statsforvaltaren. Sidan det er CCB som i praksis tar i mot avfallet som første mottakar, og som har løyvet til dette, vurderer Statsforvaltaren vidare at avfallet må deklarerast med CCB som mottakar og ikkje Franzefoss. Etablert praksis fører til uklare ansvarsforhold.

Merknad 1: Verksemda si journalføring av avfall kan betrast

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda journalfører mottak, mellomlagring og vidarelevering av avfall. Oversikta over totale mengder avfall på lager ved tilsynstidspunktet var likevel noko tungt tilgjengeleg. Mengdene avfall på lager var likevel i følgje verksemda truleg langt under lagringsgrensa i løyvet (vilkår 1).

Pålegg om opplysningar

CCB må sende inn følgjande opplysningar til Statsforvaltaren innan 1. november 2025:

- Oppdaterte opplysningar om verksemda sine aktivitetar og vurdering av om verksemda driv i samsvar med BAT-konklusjonane for bransjen gitt i BREF for avfallsbehandling ([Waste Treatment | EU-BRITE](#)).

Bakgrunnen og grunngiving for pålegget er gitt i del 4 i denne rapporten, under overskrifta «Revidering av løyvet for mottak og mellomlagring av farleg avfall».

Pålegget er gitt med heimel i forureiningslova § 49.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på pålegg om opplysningar dersom de meiner at de ikkje har plikt eller løyve til å gi slike opplysningar. Ein klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre dagar etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 14. Ein klage kan vere både skriftleg og munnleg.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Coast Center Base AS må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-8.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 30. januar 2025 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnleggjast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Anette Heggøy
- Astrid Holte

Kontaktperson hos verksemda:

- Camilla Louise Tønder

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Mottak og mellomlagring av avfall

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- Mottakskontroll og deklarerering
- Lagring
- Vidarelevering
- Utslepp til vatn
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- miljørisikovurdering
- avvikssystem
- perm med journalar for registrering av avfall og deklarerings skjema
- sjekklister for dagleg kontroll med anlegget
- driftsinstruks for Franzefoss sine tankar for farleg avfall

- prosedyre for mottakskontroll farlig avfall
- instruks for årleg kontroll av tankpark

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Status for CCB sine løyve og behov for oppdateringar av desse vart gjennomgått i samband med tilsynet. Avklaringane frå gjennomgangen er oppsummert under.

Oversikt over regulering av verksemda ved CCB

CCB har følgjande løyve frå Statsforvaltaren til ulik aktivitet på basen ved Ågotnes:

- Løyve til mottak og mellomlagring av farleg avfall, løyvenr 2013.053.T
- Løyve til mottak og mellomlagring av RDF-ballar, løyvenr. 2019.0460.T
- Løyve til drift av CCBs forsyningsbase, løyvenr. 2014.0692.T

I tillegg har CCB tidlegare fått ei avklaring frå Statsforvaltaren angående handtering av brøytesnø. Statsforvaltaren vurderte dette i brev av 1. mars 2013 og kom då til at dumping av rein snø, slik som omtalt i CCB sin førespurnad av 14. desember 2012, kunne gjennomførast utan eige løyve etter forureiningslova. Ei føresetnad for dette var at det vart gjennomført eit prøvetakingsprogram for å bekrefte antatt forureiningsnivå.

Revidering av løyvet for mottak og mellomlagring av farleg avfall

Statsforvaltaren vurderer at CCB sitt anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall er omfatta av EU sitt industriutslippsdirektiv (IED). Vi viser her til forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg I, punkt 5.5, og til verksemda si orientering av 2. oktober 2019, som viser at verksemda sitt anlegg for mellombels lagring av farleg avfall har ein kapasitet på meir enn 50 tonn. Dette inneber at løyvet til CCB må gjennomgåast og oppdaterast slik at vilkåra i løyvet er i tråd med gjeldande krav etter IED-direktivet.

I samband med dette arbeidet gav Statsforvaltaren i brev av 2. oktober 2019 (sjå kopi vedlagt) CCB pålegg om å mellom anna sende inn ei utgreiing om anlegget sin behandlingsskapasitet i tonn, ei vurdering av om utsleppa frå verksemda er i tråd med BAT-AEL (forpliktande utslippsnivå) og om teknikkane som er i bruk ved anlegget er i tråd med teknikkane som vert omtalt som BAT i EU sitt BREF-dokument for avfallshandtering (WT-BREF¹). CCB svara ut dette pålegget i brev av 11. november 2019 (sjå vedlegg).

På grunn av redusert kapasitet hos Statsforvaltaren har arbeidet med revideringa av løyvet tatt lang tid. Vi vil no ta tak i dette igjen. Vi ber difor CCB om å sjå gjennom utgreiinga frå 2019 og sjå om det har skjedd endringar ved verksemda som gjer at utgreiinga må oppdaterast. Vi ber om at ei slik vurdering og eventuelt ei oppdatert utgreiing blir sendt inn til oss innan 1. november 2025.

I samband med revideringa av løyvet kan det også bli aktuelt å be om fleire opplysningar frå verksemda for å sikre at rammene og vilkåra i det nye løyvet er dekkande for aktiviteten ved verksemda i dag og dei komande åra. Dette vil vi eventuelt kome tilbake til etter kvart.

¹ [Waste Treatment | EU-BRITE](#)

Status for RDF løyvet

På tilsynet kom det fram at verksemda har mottatt og mellomlagra to båtlastar med RDF-ballar sidan løyvet vart gitt. Verksemda har ikkje hatt aktivitet omfatta av dette løyvet dei seinare åra. CCB ønskjer likevel ikkje å avslutte løyvet endå.

Status for løyvet til drift av basen

I samband med at vi skal oppdatere løyvet for mottak og mellomlagring av farleg avfall, vil Statsforvaltaren også sjå på om det er hensiktsmessig å samle CCB sine tre løyve etter forureiningslova i eitt løyve. I same omgang ønskjer vi også å sjå nærmare på om det er behov for å oppdatere løyvet som gjeld drift av CCB sin forsyningsbase. Mellom anna kan det vere behov for å oppdatere rammene for løyvet, slik at det går tydelegare fram kva aktivitetar som er omfatta av løyvet og kva som ikkje er omfatta. Vi vil også sjå på om det er ny aktivitet på området som burde vore regulert i løyvet. Statsforvaltaren vil følge opp dette i eiga sakshandsaming og vil kome tilbake til dette i eit eige brev.

Kutting av slangar som er farleg avfall

På tilsynet kom det fram at verksemda tømmer og kuttar opp slangar som har innehalde olje i mindre bitar for at slangane skal få plass i behaldarane som blir nytta til lagring. Slik oppkapping av slangar er etter Statsforvaltaren si vurdering å rekne som behandling av farleg avfall, som krev løyve frå miljøstyresmaktene. Tilhøvet er etter Statsforvaltaren si vurdering difor eit avvik på miljøregelverket. Då det er Miljødirektoratet som er miljøstyresmakt for behandling av farleg avfall, kan Statsforvaltaren ikkje gje avvik på desse reglane, men vi kan peike på pliktene til løyve. Dersom verksemda vil halde fram med denne aktiviteten, må dette søkast om til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet delegerer som oftast myndet i slike tilfelle til Statsforvaltaren, slik at vi kan inkludere aktiviteten i eksisterande løyve for mottak og mellomlagring av farleg avfall.

Søknad om gjenbruk av betong

CCB informerte på tilsynet om at søknaden for gjenbruk av betong som vart sendt til Miljødirektoratet 10. oktober 2022, og mottatt hos oss 11. november 2022 er trekt tilbake. Det vart vist til e-post sendt til Statsforvaltaren 22. mai 2023, der dette vart orientert om. Den aktuelle e-posten mangla i Statsforvaltaren sitt arkiv, men er no lagt inn på saka.

Status for oppfølging av klage om utslepp av PFAS

Statsforvaltaren fekk 20. mars 2024 melding om utslepp av PFAS på bakken på området til Nordic Fire and Safety. I meldinga var det opplyst at Nordic Fire and Safety AS ligg på CCB-basen på Ågotnes. CCB orienterte i e-post av 4. juli 2024 om at Nordic Fire and Safety ikkje er ein leigetakar på CCB sin eigedom, og at CCB ikkje har kjennskap til deira drift eller handtering av kjemikaliar. Statsforvaltaren informerte på tilsynet om at vi har tatt denne tilbakemeldinga til orientering og at vi følger klagen vidare opp med Nordic Fire and Safety AS.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også være tilgjengelig på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Anette Heggøy
senioringeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Pålegg om vurdering av BAT-konklusjonar for avfallsbehandling
- 2 Sjekkliste BAT-konklusjoner waste treatment
- 3 Vurdering av BAT-konklusjonar for avfallsbehandling
- 4 Sjekkliste BAT-konklusjoner waste treatment 2019
- 5 Fylkesmannen i Vestland - Vurdering av BAT-konklusjonar for avfallsbehandling
- 6 Vedlegg 1. Beskrivelse av styringssystem
- 7 Vedlegg 2. QAHSE Policy
- 8 Vedlegg 4. Ledelsens gjennomgang
- 9 Vedlegg 3. Kontekst og interessenter konsern 23.07.2019
- 10 Vedlegg 5. Instruks for mottak av farlig avfall og næringsavfall
- 11 Vedlegg 6. Veileder avfall CCB rev 18.05.2017
- 12 Vedlegg 7. Risikoanalyse avfallshåndtering
- 13 Vedlegg 8. Vilkår - endra løyve til drift av avfallsanlegg - Coast Center Base AS Forsyningsbase - 974135140
- 14 Vedlegg 9. Instruks for mottak, lagring og videreforsendelse av flytende boreavfall
- 15 Vedlegg 11. Oversikt overvåkning ytre miljø CCB Ågotnes
- 16 Vedlegg 10. Ytre miljø Måleprogram CCB Ågotnes
- 17 Vedlegg 12. Overvåkning av det ytre miljø
- 18 Vedlegg 13. QM+ -systeminformasjon
- 19 Vedlegg 14. Instruks for HMS runder